

40 i dugnadsjobb i føremiddag

09.04.2011



Leiar Harald Erdal og båteigar Olav Birkeland frå Bergen gjør bommen meir innbydande.

21 har møtt fram til den årlege dugnadsjobben i båthamna og det er truleg ny rekord. Leiar og veteran Harald Erdal karakteriserer oppslutnaden som kjempebra og slår fast at hamna vil vera innbydande både for gjester og uskedelingar når jobben er gjort i ettermiddag.



Å få blomane på plass er noko av det viktigaste i Beinavikjo Marit Hjønnevåg og Kjellaug Myklebust plantar.

Men det er også to andre dugnadar på gang i bygda på denne dagen, begge med deltaking av rundt rekna 10 oppsittarar . Den eine går føre seg rundt Uskedalen Brygge i Beinavikjo og den andre langs Geilo i regi av det gjenoppfriska Geilo Grannelag.



Rundt 10 møtte fram til Geilo-dugnaden

Samla sett er det med andre od rundt 40 i dugnadsjobb i dag og konklusjonen
må bli at dugnadsanda er hløgst levande i Uskedalen.
Ikkje berre sparar folk flest pengar gjennom dugnadar,
dei har også ei triveleg stund
i selskap med andre.
For mot slutten av arbeidsøkta og også undervegs
vankar det servering både her og der.



Over 20 møtte fram i båthamna.

Leininga i båtlaget kan også opplysa at Johan Sunde (no pensjonist) er engasjert som hamnesjef for denne sesongen. Han får det snart travelt, for det er ikkje lenge til påska. Då vi ein få ein peikepinn om hamna vår blir populær i år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen